



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
08.06.2018  
Dykkar dato  
25.04.2018

Vår referanse  
2018/2906 522.5  
Dykkar referanse  
18/22247

Landbruksdirektoratet  
Postboks 8140 Dep  
0033 OSLO

### **Svar på høyring - Endringar i forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon.**

Under følgjer innspel og vurderingar frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### **§ 13, standard satsar**

Vi synes det er særstakt nyttig at eple får delt sats for konsum og industri.

#### **§ 9, andre ledd – justering av fôrverdi grovfôr**

Tørrstoffinhaldet har særstakt stor innverknad på erstatningsbereking, og bør bli tekt omsyn til. Vår vurdering er at forslag om korrigering som er på høyring ikkje vil fungere når ein haustar vått fôr i skadeåret. Ein bør i større grad ha mål om å vurdere kg fôr eller tal føreiningar, ikkje kilo fôr inkludert vatn.

Vi har to ulike forslag til korleis dette kan bli løyst, anten eller:

- I. Det er no føreslege krav om meir enn 30 % avvik i fôrkvalitet for å kunne fråvike fôrnorma. For å få korrigering for vått fôr i eit skadeår til å fungere, bør dette kravet bli endra til meir enn 10 % avvik.
- II. Søkjaren kan gje opp om surfôret i skadeåret er vått, normalt fortørka eller godt fortørka. Det kan då bli utført korrigeringar i høve til norm. Utfylling kunne bli ekstra oversiktleg om det var mogleg med rullegardinfelt i søknadsskjema.

#### **Tørrstoffinhaldet har særstakt stor betydning**

Ein kan vege same vekta på ulike rundballar, men det kan vere så mykje som 150 kg forskjell i mengd fôr per rundball, grunna ulikt vassinhald / ulikt tørrstoffinhald. Døme: Ein rundball på 750 kg normalt fortørka med 25 % tørrstoff inneheld 592 kg fôr. Ein våt rundball med 20 % tørrstoff inneheld 741kg fôr. Når ein gangar opp med titals eller hundretals rundballar får dette store utslag, som ikkje gjeld kvaliteten i fôret, men kor mykje fôr ein har i rundballane.

#### **Korrigering for vått fôr i skadeåret fungerer ikkje med føreslege endring**

Norma ikkje tek skikkeleg omsyn til vassinhald/tørrstoffprosent, og det er behov for korrigering. Ein kan ha særstakt vått fôr, men ikkje få korrigert noko med føreliggande forslag. Årsaka til at ein ikkje får korrigert er at energiinnhaldet i skadeåret er gjennomsnittleg eller

berre litt dårleg.

Oversikt over dagens norm i kg fôr per FEm, og kva denne svarar til i fôrkvalitet målt i energi (FEm/kg ts) med ulike tilhøve; vått/normalt/godt fortørka:

|                                      |  | % ts | Fem/kg ts | Kg fôr per Fem |
|--------------------------------------|--|------|-----------|----------------|
| SILOFÔR<br>(5,2 kg fôr per FEm)      | Vått, direkte hausta<br>Normalt<br>God fortørk | 21 % | 0,92      | 5,2            |
|                                      |  | 24 % | 0,80      | 5,2            |
|                                      |  | 26 % | 0,74      | 5,2            |
| RUNDBALL<br>(4,7 kg fôr per FEm)     | Vått, urøyrt streng<br>Normalt<br>God fortørk  | 21 % | 1,01      | 4,7            |
|                                      |  | 25 % | 0,85      | 4,7            |
|                                      |  | 29 % | 0,73      | 4,7            |
| HØYENSILASJE<br>(2,0 kg fôr per FEm) | God fortørk, kjøring med river i graset        | 37 % | 0,58      | 4,7            |
|                                      |  |      |           |                |
|                                      |  | 65 % | 0,77      | 2,00           |

Dette viser at norma i kilo fôr per FEm gjer at eit vått fôr blir berekna til å ha særslig god energikvalitet som norm. Energikonsentrasjon på meir enn 0,92 FEm/kg TS er til sjeldan. Eit godt fortørka fôr blir etter norma rekna til å alltid ha særslig låg energikvalitet. Energikonsentrasjon på under 0,75 FEm/kg TS er til sjeldan.

For å kunne korrigere, må kvaliteten etter forslaget vere meir enn 30 % dårlegare enn norm. Det vil seie dårlegare enn følgjande:

|                         |                     |
|-------------------------|---------------------|
| Grassurfôr i silo       | 6,76 kg fôr per FEm |
| Grassurfôr i rundballar | 6,11 kg fôr per FEm |
| Høyensilasje            | 2,60 kg fôr per FEm |

Etter forslaget må ein dermed ha dårlegare energikvalitet (FEm/kg TS) enn følgjande for å korrigere, under ulike tilhøve som ein finn i praksis; vått/normalt/godt fortørka:

|              |  | % ts | Fem/kg ts | Kg fôr per Fem |
|--------------|--|------|-----------|----------------|
| SILOFÔR      | Vått, direkte hausta<br>Normalt<br>God fortørk | 21 % | 0,70      | 6,76           |
|              |  | 24 % | 0,62      | 6,76           |
|              |  | 26 % | 0,57      | 6,76           |
| RUNDBALL     | Vått, urøyrt streng<br>Normalt<br>God fortørk  | 21 % | 0,78      | 6,11           |
|              |  | 25 % | 0,65      | 6,11           |
|              |  | 29 % | 0,56      | 6,11           |
| HØYENSILASJE | God fortørk, kjøring med river i graset        | 37 % | 0,44      | 6,11           |
|              |  |      |           |                |
|              |  | 65 % | 0,59      | 2,60           |

For vått grassurfôr i silo, må ein då ha dårlegare energiinnhald enn 0,70 FEM/kg TS. Det er det neppe nokon som har, då dette er særslig lågt. Dette er også ein indikasjon på at norma for silo er sett for god, og gjerne bør vere 5,0 i staden for 5,2 kg fôr per FEm. Eller normen burde helst ha vore kopla mot tørrstoffinnhald. Det også nokså sjeldan med dårlegare energiinnhald

enn 0,78 FEm/kg TS, som er kravet for å kunne korrigere for våte rundballar. Dette betyr at dersom ein har normale energikonsetnrasjoner for føret, vil ein aldri kunne få korrigert for vått før i eit skadeår.

Korrigeringa slår dessutan uheldig/feil ut i dagens utrekning, då korrigeringa kjem inn feil plass i erstatningsberekinga sett i høve til eigenrisikoen på 30 %. Dette ligg ikkje inne i sjølve forskrifta.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*